



Sigrid Sandkorn
Moldestad





Eg ser inn i augo dine

(Tekst: Jakob Sande /
Musikk: Sigrid Moldestad)

EG SER INN I AUGO DINE
DET ER SOM EIN STJERNEKVELD
DEI STRÅLAR OG SKIN MOT MINE
MED GLANS AV EIN EVIG ELD

STJERNER OG SYLVBLANK MÅNE
LYSER PÅ DJUPBLÅ KVELD
OG STILT UPP I ETERBLÅNE
STÅR VENUS SOLKLÅR OG SKJELV

LYSANDE VEDERBOGAR
ELDSKRIFT I RØMDI DREG
HIMMELHØGT MOT MEG LOGAR
Å KOR EG ELSKAR DEG

SIGRID MOLDESTAD: Vokal / Hardingfele
JØRGEN SANDVIK: Vokal/Gitar
ANDERS HALL: Fele
ANDERS BITUSTOYL: Bass
SIGBJØRN APELAND: Trøorgel
STEIN URHEIM: Slidegitar
HANS-OLAV MOLDE: Trommer





Uncle J

(Musikk: Sigrid Moldestad)

SIGRID MOLDESTAD: Fele
ANDERS HALL: Fele
MATTIAS PEREZ: 12 strengsgitar





Om eg var deg

(Tekst&Musikk: Sigrid Moldestad)

SKULLE SETT MEG NED MED MEG
OM EG VAR DEG
SAGT EIT VARMT "GODDAG",
KAN EG SITTE HER MED DEG?
SKULLE SAGT AT REGNET SNART FORSVINN
SKULLE MINT MEG OM AT SOLA VINN.

SKULLE SETT EG VAR LITT SKJØR
OM EG VAR DEG.
SETT MI UNGE BØR, ALT EG IKKJE TØR
NÅR EG ER MEG
SKULLE SAGT AT ALLTING ORDNAR SEG
SJØLV OM LIVET TEK EIN KRONGLETE VEG.

MEN NO DROPLAR REGN PÅ VÅR RUTE
VI KJEM, SIT OG GÅR.
ALLE ANDLET BER HISTORIER,
REDSLER, SMIL OG GRÅT.

DET ER STILLE MORGONSTUND PÅ BUSS NR. 9

SKULLE REIST MEG OPP FOR MEG
OM EG VAR DEG.
BAK DEI SAKTE TRINN
SYNG MITT UNGE SINN SOM DEG.
SKULLE SAGT AT MENN MED HATT ER FLOTT
OG AT DAMER MED BLÅE HÅR ER TOPP

SKULLE SPURT MEG KVIFOR EG KOM
OM EG VAR DEG.
SETT FORBI MITT SLØR, VORE SYSTRER OG
BRØR
OM EG VAR DEG
SKULLE HAURT EI GOD HISTORIE
SKULLE LE AV DEI SAMÉ TING

SIGRID MOLDESTAD: Vokal/hardingfele

MATTIAS PEREZ: Mandola

JØRGEN SANDVIK: Gitar

ANDERS HALL: Bratsj

HANS OLAV MOLDE: Trommer

ANDERS BITUSTOYL: Bass

SIGBJØRN APELAND: Rhodes-piano

ALLE: Kor



Å vaking

(Tekst: Robert Burns/
til nynorsk av Johannes Gjerdåker. Musikk: trad/arr)

SUMARDAG ER LJOS
ALLE BLOMAR VAKNAR
NO RENN BEKK TIL OS
OG EG ELSKAR HAN EG SAKNAR

Å VAKING Å
VAKETIMAR SVÆRE
INGEN SVEVN Å FÅ
FOR TANKEN PÅ MIN KJÆRE
Å VAKING Å

SVEVEN FULL AV DRAUM
VAKEN MÅ EG TÆRAST
INGEN SVEVN Å FÅ
FOR TANKEN PÅ MIN KJÆRAST

Å VAKING Å...

MYRK STIG NATTA INN
ALLE ANDRE BLUNDAR
MEN EG FOR GUTEN MIN
GRET OG GRET OG STUNDAR

Å VAKING Å..

SIGRID MOLDESTAD: Vokal
ANDERS HALL: Fele
SIGBJORN APELAND: Piano
STEIN URHEIM: Slidegitar
MORTEN SKAGE: Barytongitar





Ein Sæl Kyss

(Tekst: Robert Burns /til nynorsk av
Johannes Gjerdåker/Musikk: trad/arr)

EIN SÆL KYSS OG ALDRI FLEIRE
EIT FÆRVEL OG ALDRI MEIRE
DJUPT I SAKNAD VIL EG MINNST
DEG SÅ LENGE EG SKAL FINNST

KVEN KAN SEIA LAGNAD SLÆR HAN
NÅR EIN GLANS AV VON SKIN NÆR HAN.
MEG GJEV INGA STJERNE STYRKE
ALLE RØMDER TAGNAR MYRKE

ENDÅ EVIG TAKK FOR STUNDER
DU GAV AV KJÆRLEIKS UNDER.
ELSKA DEG VAR Å LEVA
BERRE DEG I ALL ÆVA

HADDE ME' KJE ELSKA MILDT
ALDRI ELSKA BLINDT OG VILT
ALDRI MØTST-OG SKILST I VERDA
DÅ SLAPP HJARTO VÅRE LIDA

FAR DU VEL, MITT HJARTA NÆRAST!
VAKRAST, BESTE LJUVAST KJÆRAST
ALT GODT GJEV EG DEG DIN LAGNAD
LYST OG GLEDE, FRED OG FAGNAD

EIN SÆL KYSS OG ALDRI FLEIRE
EIT FÆRVEL OG ALDRI MEIRE
DJUPT I SAKNAD VIL EG MINNST
DEG SÅ LENGE EG SKAL FINNST

SIGRID MOLDESTAD: Vokal

STEIN URHEIM: Saz

JØRGEN SANDVIK: Gitar

ANDERS HALL: Bratsj

ANDERS BITUSTOYL: El. bass

SIGBJØRN APELAND: Piano



Vise til Far

(Tekst&Musikk: Sigrid Moldestad)

DU ER BONDE MED ÅKER OG JORD
DI OMSORG ER OFTE UTAN ORD.
DU HAR HAND SOM KAN RO EIN BÅT
I ARMEN DIN ER DET TRYGT OG GODT

DU GÅR RUNDT I TRAKTORSKO
I SKOGEN FINNE DU STILLE RO
DU HAR LÆRT MEG Å STABLE VED
FOR GUTAR OG JENTER BØR KUNNE DET.

MEN KA VIL SKJE,
NÅR VÅRE LIV VERT SNUDD OPP OG NED?
OG EG SKAL VERE DEN STERKASTE?
VIL SITTE PÅ DITT FANG OG HØYRE DEG SEI"
-DET VAR EIN GONG
BLIR EG NOKONSINNE KLAR
BLIR EG VAKSEN NOK TE Å KLARE MEG UTAN EIN FAR.

EG ER REDD FOR Å VEKSE TE
EG ER REDD FOR Å KJENNE AT DET SKJER
Å SJÅ DU BLIR GAMAL OG GRÅ
AT HANDA DU HELD MED, SKJELV DU PÅ

VI SKAL ALLE MISTE OG DØY
VI SKAL KLARE OSS SJØLV PÅ EI ØDE ØY
VI SKAL FØLGJE SLEKTERS GONG
OG I SKOGAR SUSAR EIN BLÅTONE-SONG

OM KA SO SKJER ...

SIGRID MOLDESTAD: Vokal/hardingfele

JØRGEN SANDVIK: Gitar


STEIN URHEIM: El-gitar


ANDERS HALL: Bratsj

SIGBJØRN APELAND: Trøgorgel

ANDERS BITUSTØYL: Bass









Gåta

(Tekst&Musikk: Sigrid Moldestad)

SÅ RAR EI SANNING
SKJULT BAK ORD
SOM SVOLTNE GNEG SEG INN.
INNTIL BEINET
INNTIL ALT
UTAN Å BLI METT.

DET GÅR FORT NO
ORD TEK ORD
DU KAN IKKJE STYRE DET MEIR
INNTIL BEINET
INNTIL ALT
UTAN Å BLI METT

GÅTA TEIER, MEN SEIER ALT
ER DET HAN ELLER HENNE?
ER DET SLARV ELLER SANT?
GÅTA DI VEKS SEG VILL OG STOR
SOM EIT TRASSIG BARN ER DEN VORTE NO
GÅTA TEIER MEN SEIER ALT.

SIGRID MOLDESTAD: Vokal

STEIN URHEIM: Saz

JORGEN SANDVIK: Gitar

ANDERS HALL: Bratsj

ANDERS BITUSTOYL: Bass

SIGBJORN APELAND: Piano

THOMAS NØKLING: Saxofon

MORTEN SKAGE: Barytongitar

Sandkorn

(Musikk: Sigrid Moldestad)

SIGRID MOLDESTAD: Fele

ANDERS HALL: Fele

MATTIAS PEREZ: 12 strengsgitar

ANDERS BITUSTOYL: Bass





No skal eg fortelje

(trad. etter Anton Standal, Florø/arr.)

NO SKAL EG FORTELJE OM EIT BRULLAUP UTI SKOGJA
NO SKAL EG FORTELJE OM EIT BRULLAUP UTI SKOGJA

DET VAR NO IKKJE NETTOPP AV HØGASTE MODA
HEI OG HÅ AV HØGASTE MODA.

EG VEIT DA NO`KJE VISST MEN EG HAURD DET UTAV
MÅNGE

EG VEIT DA NO`KJE VISST MEN EG HAURD DET UTAV
MÅNGE

AT FISKEN SO DEI HADDE, JA DET VAR BERRE LÅNGE
HEI OG HÅ, JA DET VAR BERRE LÅNGE

EG VEIT DA NOK`KJE VISST, MEN EG HAR DET UTI
DRAUMA

EG VEIT DA NOK`KJE VISST, MEN EG HAR DET UTI
DRAUMA

AT ØLET SO DEI HADDE JA DET RANN I STRIDE
STRAUMA

HEI OG HÅ, DET RANN I STRIDE STRAUMA

OG KAFFIEN VA KOKTE OG KOKKEN HAN VAR DØVNA
JA KAFFIEN VA KOKTE OG KOKKEN HAN VAR DØVNE
DEI FLESTE UTAV GJESTENE JA DEI VAR ÅT Å SOVNA
HEI OG HÅ JA DEI VAR ÅT Å SOVNA

OG SPELEMANN VA KRØPLING OG
KROKJEN I EIN FOTE

OG SPELEMANN VA KRØPLING OG
KROKJEN I EIN FOTE

OG ALLE TRUDDE AT DEI SKULLE HA NA
ATTÅT POTE

HEI OG HÅ SKULLE HA HAN ATTÅT POTE

EG VEIT DA NOK`KJE VISST MEN EG
HAURD DA UTAV SOMME

EG VEIT DA NO`KJE VISST MEN EG HAURD
DA UTAV SOMME

AT BRURA OG BRUDGOMMEN VAR BEGGE
LIKE DUMME

HEI OG HÅ VAR BEGGE LIKE DUMME!

-VISA HAR FLEIRE VERS..

SIGRID MOLDESTAD: Vokal/hardingfele

STEIN URHEIM: Slidegitar

ANDERS BITUSTOYL: Bass

JØRGEN SANDVIK: Gitar

MORTEN SKAGE: Barytongitar

ANDERS HALL: Bratsj

SIGBJØRN APELAND: Trøorgel





Ei raud raud rose

(Tekst: Robert Burns /til nynorsk av
Johannes Gjerdåker/musikk:trad.arr.)

EI RAUD RAUD ROSE ER HO LIK
SOM UT I JUNI SKEIN
MI KJÆRE HO ER LIK EIN SONG
SOM TONAR KLÅR OG REIN

SÅ KJÆRE ER DU MIN VAKRE VEN
SLIK RÅR DU ALT MITT SINN
AT EG SKAL ELSKA DEG ENDÅ
TIL ALLE HAV KVERV INN.

TIL ALLE HAV KVERV INN MIN VEN
OG ALLE BERGA BRENN
SÅ LENGE SKAL EG ELSKA DEG
SOM TID OG SANDKORN RENN

SÅ FAR DU VEL EI LITA STUND
FAR VEL DU EG HAR KJÆR
FOR EG SKAL KOMA ATT OM SÅ
TI TUSEN MIL FRÅ HER

SIGRID MOLDESTAD: Vokal
MATTIAS PEREZ: 12 strengsgitar
ANDERS BITUSTOYL: Bass
SIGBJØRN APELAND: Rhodes -piano
JØRGEN SANDVIK: Gitar
ANDERS HALL: Bratsj

Frøstrøyk

(Musikk: Sigrd Moldestad)

SIGRID MOLDESTAD: Hardingfele
MATTIAS PEREZ: 12 strengsgitar
JØRGEN SANDVIK: Gitar
ANDERS HALL: Bratsj/hardingfele
ANDERS BITUSTOYL: Bass





Måneskinslandet

(Tekst&musikk: Sigrid Moldestad /
Hildalen: trad. arr.)

LÅGSTEMT TONAR EIN VELKJENT KLANG
HAUSTEN ER I RUTE
SOMMARNATTA SAT HJARTA I BRANN
NO LIGG HO STILT PÅ SI PUTE
KVISKRAR SOGER OM STILLE GRÅT
HAN SOM FANN, MEN LET HO GÅ
PÅ EI TRAPP SIT EIN GUT OG BER
MEDAN HIMMELEN REGNAR NED

HENDER VÅTE AV ISKALDT REGN
LEPPENE KAN IKKJE TALA
TÅRER RENN IFRÅ MJUKE KINN
BLENKJANDE SKIN DEI MOT GATA
HO VIL ALDRI GLØYMA HAN
KJENDE GAMLE STERKE BAND
PÅ EI TRAPP SIT EI JENTE OG SER
AT HIMMELEN REGNAR NED

MÅNE MÅNE
KOM MED STJERNEKLÅR NATT
KOM MEG MOT KOM MED KRAFT
FRÅ DITT MÅNESKINSLAND
DER KOR ALT GÅR AN

MÅNE MÅNE
NÅR EIN LENGTAR SÅ
VIS EIN VEG VI KAN GÅ
I DITT MÅNESKINSLAND
DER KOR ALT GÅR AN

VÅREN SKIN SLIK DEN ALLTID GJER
ÅNGEN GJEV DEG DRAUMAR
BLOMAR VISER SEG FRAM OG FER
SVINN MED DEI KALDE STRAUMAR
LJOSE NETTER SET ALT PÅ VENT
TRUR PÅ KRAFTA AV KJÆRLEIKEN
MEN PÅ EI TRAPP SIT TO HJARTER OG GRET
MEDAN HIMMELEN REGNAR NED.

SIGRID MOLDESTAD: Vokal / Hardingfele

KIM ANDRE RYSSTAD: Vokal

MATTIAS PEREZ: 12 strengsgitar

ANDERS BITUSTOYL: Bass

SIGBJØRN ÅPELAND: Trøorgel

ANDERS HALL: Bratsj





Midtsommarsongen

(Trad. etter Halvard Hesjevoll,
Sogn/arr.)

AKK BED MEG ALDRI MERE
OM DENNE ENE SANG
JEG SYNGER IKKE FLERE
NÅR DEN HAR LYDT ENGANG
ENNU HAR JEG SÅ MANGEN
SOMMERSANG IGJEN
KUN EI MIDTSOMMERSANGEN
AKK BED MEG EI OM DEN

JEG VET HVOR DEN BEDÅRER
JEG VET HVOR DEN ER SMUK
I TONENE ER TÅRER I ORDENE ER SUKK
MEN SNÆRENDE SOM SLAGEN
DEN SEG OM HJERTE SNOR
DET ER MIDTSOMMERSANGEN
JEG KAN DEN ORD FOR ORD

JEG LÆRTE DEN DER HJEMME
HVOR ALT VAR SOL OG SANG
DEN TONET FRA EN STEMME DER
LØD SOM HARPEKLANG
OG JEG, JEG FULGTE KLANGEN

JEG MINNES DET SÅVEL
DET VAR MIDTSOMMERSANGEN
HAN SANG DEN SISTE KVELD

HVA ER DET SOM HAR HYLLET MITT
LIV I SORGENS RØR
HVA ER DET SOM HAR TRYLLET HVER
BLOMST I SORTEN JORD
HVA ER DET SOM TRØR ANGEN
VED MIDTNATTSOL I REGN
DET ER MIDTSOMMERSANGEN
AKK LYTTE EI TIL DEN.

SIGRID MOLDESTAD: Vokal
STEIN URHEIM: Slidegitar
SIGBJØRN APELAND: Trøorgel





Aldri

(Tekst: Jakob Sande/Musikk:Sigrid Moldestad)

ALLTID Å TEIA NÅR
DU ER MEG NÆR
ALDRI FÅ SEIA KØR
DÚ ER MEG KJÆR

ALDRI FÅ KJENNA
DIN PUST MØT MITT KINN
ALDRI FÅ BRENN
MIN MUNN MØT DIN

ALDRI FÅ LOGA SOM
ELD MØT DEG
SLIK ER DEN SORGA
SOM KLAGAR I MEG.

SIGRID MOLDESTAD: Vokal / fele

ANDERS HALL: Fele

SIGBJØRN ÅPELAND: Yamaha Portasound

JØRGEN SANDVIK: Mandolin

MORTEN SKAGE: Barytongitar

ANDERS BITUSTØVL: Bass

THOMAS NØKLING: Saxofon

STEIN URHEIM: Slidegitar





HCD 7248

